



Statens vegvesen

Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Marianne Skulstad / 55516253

Vår referanse:
16/27510-6

Dykkar referanse:
16/2962 – 17/6697

Vår dato:
27.04.2017

Uttale til søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel – LNF – for bygging av generasjonsbustad/kårhus på Langeland, gnr 24 bnr. 7 – Meland kommune

Vi viser til søknad om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel, oversendt til uttale i brev datert 04.04.2017. Søknaden gjeld dispensasjon frå LNF-formål og for arealkrav bygd areal (BYA), for bygging av generasjonsbustad/kårhus på Langeland gnr. 24 bnr. 7 i Meland kommune.

Planstatus

Eigedom gnr. 24 bnr. 7 Langeland er i dag på om lag 70 da. Om lag 30 da av eigedomen er dei seinare åra avsett til bustadbygging i kommuneplanens arealdel, og grunneigar planlegg i følgje søknaden å dele det arealet frå eigedom gnr. 24 bnr. 7.

Resten av eigedomen, ca 40 da, er framleis LNF-område. I denne saka meiner Statens vegvesen at Meland kommune må avgjere om eigedomen fortsatt har ei drift som gjer det naudsynt med kårhus. Basert på at vi har motteke saka som ein dispensasjon frå LNF-formål, ser vi på saka som ei ordinær bustad-sak.

Trafikale tilhøve

Statens vegvesen har i fleire uttaler til arealplaner og dispensasjonssøknader i dette området framheva at fv. 244 mellom Frekhaug og Sagstad skule ikkje har tilfredsstillande tilhøve for mjuke trafikantar, og at vi difor er negativ til nye tiltak som skaper meir biltrafikk på denne strekningen. Slik tilhøva er no, vil all bustadbygging i dette området vere bilbasert, og situasjonen vert verre for dei som går/syklar langs vegen når talet på biler aukar.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Negative verkander av ein dispensasjon

Dei trafikale tilhøva i området vil verte forverra av ein dispensasjon i denne saka. Dette vil vere ei klar ulempe som vi ber om at kommunen legg vekt på i si vurdering.

Vi viser vidare til at samfunnsmessige tilhøve skal vege tyngst i dispensasjonsvurderinga.

Konklusjon

Av omsyn til trafikktryggleiken for dei mjuke trafikantane langs fv. 244, og mål om auka del gåande og syklende, vil Statens vegvesen rå ifrå at kommunen gir dispensasjon i saka.

Plan og forvaltning Bergen

Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Marianne Skulstad
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN